

## Elevrådsmøtet 25.01.2024, kl 12.00 - 12.45

### Desse møtte

#### 5 og 6.trinn:

Repr: Adrian

Vara: Selina

#### 7.trinn

Repr: Johannes

Vara: Alan

#### 8.trinn

Repr: Malene

Vara: Ida – ikkje kalla inn

#### 9.trinn

Repr: Isak

Vara: Sebbe – ikkje kalla inn

#### 10.trinn

Repr: Helene

Vara: Torstein – ikkje kalla inn

Rektor Gunnlaug Olsvoll Røed

Andre som møtte: Monika Thune

**Stad:** Klasserommet til 3.klasse

**Tid:** kl 12.00 –12.45

Leia av Isak

SAKER

### Loftskroken

Ungdomsrådet har fortalt til kommunestyret om at dei ønsker fleire som bruker på loftskroken. Korleis skal vi få fleire på loftskroken? Gjeld elevar på 7. trinn- 10. trinn. Kva skal til for at de (ungdommar) vil dra på loftskroken? Ønsker de ungdommar å bruke loftskroken?

Drøfta på møte:

Isak informerte om møtet som ungdomsrådet hadde som infosak i kommunestyret. Kva skal til for at det skal kome?

Feks at Loftskroken er om fredagar, det viser seg at når det er arrangement med påmelding så kjem det ungdommar. Ungdommar har vore saman med Monika på hospitering på Austrheim.

**Framlegg til vedtak: Elevrådet tek saka vidare til sine klassar.**

**VEDTAK: Elevrådet tek saka vidare til sine klassar. Neste møte er 15.02.2024. Innspela frå klassane kan også vere anonymt. Er det behov for Loftskroken? Kva skal skje på Loftskroken? Er det ønskjeleg å ha spel som fotballspel, biljard, eigen kiosk med sal drikke og mat – gjere kiosken ekstra koseleg med feks ledlys, ha tilgang på playstation, Ønskjeleg å prøve å få til tid i gymsalen, tilgang til eige spelerom, mindre rom til å kunne trekke seg tilbake, ha verkstad.**

## Lokal transport-tilbod for ungdom

LTU, lokal transporttilbod for ungdom. Gjeld ungdom alder 13 +. Er tilbodet nok synleg? Veit alle i klassene som er 13 år om lokal transporttilbod for ungdom?

Drøfta i møtet:

Er ikkje kjent. Ordninga er at det er mogeleg å sende melding til Aud Sølvi, drosjen. Info ligg på heimesida til kommunen. Ordninga kostar kr 50,- tur/retur for å kome seg på aktivitet. Og er når det ikkje går ordinær buss. Det er mogeleg å tinge båt, må då vere minst 3 personar for å kunne nytte. Båten kostar kr 100,- pr person. Kontakt Monika for å bestille båt.

**Framlegg til vedtak: Elevrådet tek saka vidare til sine klassar.**

**VEDTAK: Elevrådet informerer sine klassar om LTU.**

## Saker frå klassane

Ingen saker frå klassane.

## Orientering til elevrådet ved Monika

### Musikkfondet

- om det er nokon som ønsker å bli medlemskandidat til styret i musikkfondet, så gje beskjed til Monika eller Erlend. Erlend er leiar i styret, treng ein ungdom til styret.
- har årleg utlysning, fristane er 1. april og september. Det vil kome plakatar og meir informasjon etterkvart. Sjå saka 14.12.2023. Mona Hjørnevåg er kontaktperson. Ikkje kjøp og "rekne med" å få tilskot utan å få godkjenning på søknaden.

**Loftskroken ope, 26.januar.** Gjeld 7.trinn-10. trinn. Idrettshallen og loftskroken. Tida er delt opp. Det er berre å kome kl 18.00 i idrettshallen. Og i Grendahuset frå kl ca 19.30/20. Avsluttar kl 22.00.

**LAN, 2.februar.** Grendahuset. Gjeld alder 12 +. Frå kl 17.00 - 00.00. Ta med eige utstyr til å spele på. Det kan vere mogeleg å låne utstyr frå kulturskulen. Snakk med Tomas Olsson eller Gry Buer.

Referent Gunnlaug